

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam eldreråd	16.02.2007	007/07	HASO
Kvam formannskap	19.02.2007	016/07	HASO
Kvam heradsstyre	06.03.2007	015/07	HASO

Avgjerd av: Saksh.: Sigrid Flem	Arkiv: N-400 Objekt:	Arkivsaknr 01/1389
------------------------------------	-------------------------	-----------------------

Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007-2010

Samandrag:

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt som vilkår for utbetaling av øyremerka tilskot at den enkelte kommunen har ein oppdatert og politisk vedteken plan for sitt samla psykiske helsearbeid. I St.prp. nr. 1(2005-2006) er det peika på at kommunane må planleggja for verksemda etter også opptrappingsplanen, d.v.s. frå 2009 og vidare. Denne planen skal vera ferdig utarbeidd og politisk vedteken innan 15.februar 2007. Fylkesmannen i Hordaland har gjeve Kvam herad utsett frist til 06.03.07.

Den nye planen skal dekkja planperioden 2007-10. Dei statlege tilskota til psykisk helsearbeid i perioden 1999-2008 er forutsett å medføra ei varig styrking av tilbodet til menneske med psykiske lidingar også etter at opptrappingsperioden er avslutta.

Det vert understreka at utarbeiding av planen bør sikrast god politisk forankring.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007-2010.

Planarbeidet skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestetilbodet, og vedteken plan er eit vilkår for å få utbetalt øyremerka midlar for 2007 og 2008.

Prioriteringane skal årleg vurderast på bakgrunn av resultat, erfaringar og eventuelle nye behov.

16.02.2007 Kvam eldreråd

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster og vert samrøystes tilrådd

KER-007/07 Tilråding:

Kvam heradsstyre vedtek Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007-2010.
Planarbeidet skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestetilbodet, og vedteken plan er eit vilkår for å få utbetalt øyremerka midlar for 2007 og 2008.
Prioriteringane skal årleg vurderast på bakgrunn av resultat, erfaringar og eventuelle nye behov.

20.02.2007 Kvam formannskap

FSK ynskjer at saka går direkte til HST, grunna tekniske problem. Dei som har fått saka elektronisk, har hatt problem grunna tekniske høve. FSK vert oppmoda om snarleg tilbakemelding til administrasjonen om det skulle oppstå liknande problem i ettertid.

Røysting:

FSK-016/07 Vedtak:

06.03.2007 Kvam heradsstyre

Røysting:

Framleggget frå rådmannen fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke.

HST-015/07 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007-2010.
Planarbeidet skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestetilbodet, og vedteken plan er eit vilkår for å få utbetalt øyremerka midlar for 2007 og 2008.
Prioriteringane skal årleg vurderast på bakgrunn av resultat, erfaringar og eventuelle nye behov.

Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert fra i saksframstillinga:

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
07/2058	20.01.2007	Høyringsuttale til Handlingsplan for psykisk helsearbeid i Kvam 2007-2010.	Rådet for funksjonshemma ved helse- og velferdssjef Mali Grete Aksnes.
07/2055	30.01.2007	Kvam herad Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007 – 2010.	
07/2148	29.01.2007	Uttale frå fysioterapitjenesten i Kvam herad.	Torill Kveberg.
07/2187	01.02.2007	Uttale frå Pleie og omsorg i samband med psykiatriplan.	Åslaug Bøhn Botnen.

Saksopplysningar:

Kvam herad vil ta utgangspunkt i ”Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2001-06” vedteken av heradsstyret 23.10.01. Sist oppdatert oversikt over tiltak og bruk av øyremerka midlar var lagt fram for Kvam heradsstyre i februar 2006, sak 04/828 –36/N.

Fagteamet for psykisk helse er arbeidsgruppe for planarbeidet. Fagteamet består av leiar avdeling psykiatri, sosialsjef, kommunellege/helse-og velferdssjef, psykolog PPT, leiande helsesøster og pleie-og omsorgssjef.

I samband med planarbeidet har fagteamet evaluert drift, satsingsområde og nye tiltak.

Planen skal seia noko om:

- **Strukturelle tilhøve**, m.a. organisering og samhandling innan i kommunen, samarbeid med spesialisthelsetenesta og brukarorganisasjonar, bruk av Individuell plan
- **Overgripande tiltak**, brukarmedverknad, førebyggjande tiltak, kompetansebehov
- **Særskilt om tiltak for vaksne**: Bustad og hjelp i bustad, økonomisk veiledning, behandling/rehabilitering, arbeid/aktivitetar
- **Særskilt om tenester for barn og unge**: Helsestasjon og skulehelseteneste, psykisk helse i skulen, fritid/kultur/gruppeaktivitetar, familievernkontor,
- Planen skal seia noko om **den varige styrkinga** som dei øyremerka midlane saman med kommunen si eiga finansiering har gjeve rom for. Det skal koma tydeleg fram eit samla og oversiktleg bilet av det psykiske helsearbeidet i kommunen, og det vert vist til ei skjematiske oppstilling av årsverk og tenester tilrettelagt for brukarar med psykiske vanskar.
- **Økonomiske rammer**: Forventa vekst i øyremerka midlar for 2007 og 2008 skal leggjast inn i planen. Fordelinga av ramma etter periodeslutt skjer etter helse- og sosialnøkkelen i inntektssystemet for kommunane, og vert lagt inn som del av kommunane sine frie inntekter.

Desse føringane er lagt til grunn i utarbeidinga av planen. Fagteamet har lagt vekt på å få innarbeida tiltak tilpassa lokale behov slik dei er vurderte no. Fram til 2010 kan det koma nye vurderingar som gjer at foreslegne strategiar og tiltak må endrast. Da vil Kvam heradsstyre eventuelt få melding om det gjennom den årlege gjennomgangen av status for arbeidet.

Forslaget til ny plan er sendt til aktuelle høyringsinstansar med høve til å koma med innspel. Ny plan, som går ut over fasen med øyremerka statlege midlar til og med 2008, er eit vilkår for utbetaling av psykiatrimidlane.

Vurdering: